

# Kulen



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	3
<b>Høgde over havet:</b>	112 m
<b>Lengd merka løype:</b>	0,45 km
<b>Stigning merka løype:</b>	85 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Myr, torv, berg
<b>Signeringar i 2013:</b>	0 (ny post i 2014)

## OM STADEN

Som den tredje toppen på Sjutoppsturen har Kulen, trass i mangelen på bok å signere seg i, vore flittig besøkt opp gjennom åra, då spesielt langfredag kvar påske. Av same grunn er det også etablert velfungerande og godt merka løyper hit. I 2013 måtte stien likevel leggest om etter krav frå grunneigar på Gløsa. Merkinga gjekk tidlegare gjennom tunet, men er no lagt på nordsida av eigedommen. Kulen utgjer saman med Kletten dei to små fjelltoppane mellom Voren og Fløda lengst aust på Sandsøya. Ut frå namnet forstår vi at toppen ikkje er den høgaste i verda, men til gjengjeld er Kulen både lett tilgjengeleg og meir enn mogleg å bestige for folk i dei fleste aldrar.

## TURALTERNATIV

Den offisielle løypa til Kulen går frå bilvegen like ved Myklegardkrysset i retning mot Fløda (venstre frå Sandhamn, rett fram frå Voksa). Dei to første tredjedelane vart merka og rydda i 2014. Siste 150 meter til toppen er den same stien som har eksistert før. Totalt er turen berre **450 meter**.

## BILETE

